



DEN NORSKE Kyrkja

Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

Vedlegg, UKM 08/07

Konsekvensar for ungdom av fråsegna frå lærenemnda i homofilisaka.

Her er først ein kort presentasjon av korleis Kyrkjerådet behandlar saka på veg mot Kyrkjemøtet. Deretter får du presentert svært kort dei alternativa KM har for å følgje opp homofilisaka i høve til KM-vedtaka i 1995 og 1997. Alle dei viktige kyrkjelege vedtaka i saka ligg i sakspapiret til junimøtet i KR. Så kjem ei orientering om korleis dei kyrkjelege organa forstår spørsmål som gjeld menneskerettar og diskriminering.

Kyrkjerådet og saka til Kyrkjemøtet

Kyrkjerådet drøftar 7–8. juni saka *Vigsling og ansettelse av homofilt samlevende i Den norske kirke – konsekvenser av uttalelsen fra Lærenemnda*. Drøftinga i KR er førebels slik at det vil kome med innspel til ei saksframstilling som i sommar går til bispedømmeråda, dei teologiske fakulteta og nokre organisasjonar. KR ønskjer kommentarar frå desse instansane til forslaga i dokumentet og det som skal danne grunnlaget for saka på KM. KR vil så i septembermøtet drøfte og vedta saksframstillinga til KM. Saksframstillinga går til Bispemøtet før KM (sak som gjeld læra).

Kyrkjemøtet i 1997 og i 2007

Både i KM 1995 og 1997 var det eit stort fleirtal som ikkje godkjende homofilt samliv, og ein ville at fleirtalssynet skulle gjelde i ein felles praksis ved tilsetjingar. På bakgrunn av ei delt Lærenemnd (2006) må KM i 2007 først drøfte om det framleis kan seie at "*Kirkemøtet finner ikke at det er gitt tilstrekkelig overbevisende teologiske grunner for at Den norske kirke kan endre sin nåværende praksis med hensyn til tilsetning av personer som lever i homofilt samliv*" (1997). KR føreslår derfor at KM bør drøfte kva som ligg i formuleringa "tilstrekkelig overbevisende teologiske grunner", og om ho fangar opp det KM no må ta stilling til.

Det er KM som bestemmer liturgiane i kyrkja, også ev. forbøn ved inngåing av partnerskap. Det er biskopane som ut frå tenesteordninga si bestemmer kven som skal bli ordinert når nokon har søkt og fått stillingar, men det er departementet, bispedømmeråd, kyrkjelege fellelråd, helseføretak eller organisasjonar som tilset. Likevel er det ikkje unaturleg at KM ønskjer å gi nokre retningslinjer for kven som bør få stilling i kyrkja og stillingar som krev ordinasjon. KM drøftar som kjent lærespørsmål som gjeld livsførsel (etikk). På bakgrunn av tidlegare vedtak i KM, fråsegna frå nemnda og det synet samfunnet har på homofilt samliv, meiner KR at KM har tre hovudalternativ når det skal behandle homofilisaka, dvs. spørsmålet om liturgi og retningslinjer for tilsetjingspraksis:

- a) Kyrkjemøtet kan stadfeste at retningslinjevedtaket frå 1997 står ved lag.

KM finn i så fall heller ikkje i 2007 at det er tunge teologiske grunnar til å endre det som har vore praksis tidlegare, og at kyrkja bør ha eitt sett ordningar og felles praksis. Det kan ein grunngi med ei delt nemnd, at nemnda ikkje har behandla alle sidene ved homofilis spørsmålet, og omsynet til einskap i kyrkja. Retningslinjene til KM overfor biskopane, bispedømmeråda og fellesråda vil då vere at homofilt samlevande, også i partnerskap, ikkje bør bli vigsla eller tilsette i stillingar som krev vigsling (prest, kateket, diakon), men at ein bl.a. ut frå lokale forhold kan vurdere om dei er aktuelle i andre stillingar.

- b) Kyrkjemøtet kan endre vedtaket frå 1997 og vedta at ein person som er homofilt samlevande i partnerskap, kan ha alle slags kyrkjelege stillingar, og at det elles er opp til biskopane å avgjere kven som skal bli ordinert.

Etter den fråsegna som nemnda har kome med, finn Kyrkjemøtet at det no ligg føre overbevisande og gode nok grunnar til å innføre ein ny praksis i vigslings- og tilsetjingsaker. Også dette kan ein grunngi med ei delt nemnd, med dei store endringane som har skjedd i kyrkja og samfunnet i dette spørsmålet dei siste ti åra, og av omsyn til einskapen i kyrkja. Det inneber at KM gir retningslinjer om at homofilt samlevande i partnerskap bør bli vigsla og tilsette i stillingar som krev vigsling, dersom dei elles er kvalifiserte for det. Hovudstandpunktet kan eventuelt bli supplert med unntaksreglar som gir bispedømmeråd rett til å be om informasjon om samlivsform og eventuelt leggje vekt på det ved ei tilsetjing ut frå eiga overtyding og omsynet til kva ein meiner vil fungere eller ikkje fungere i den aktuelle kyrkjelyden. Grunngevinga til KM for unntaksreglar kan vere avgjerande dersom ein søker som er avvist pga. homofilt partnerskap, vil prøve saka si for domstolane. KM bør då seinare vedta ein forbønsliturgi for inngåing av partnerskap.

- c) Kyrkjemøtet kan justere vedtaket frå 1997 og stadfeste at det framleis er overbevisande nok teologiske grunnar til å føre vidare tidlegare retningslinjer, men at det òg er overbevisande nok teologiske grunnar til å opne for tilsetjingar av homofilt samlevande i partnerskap i alle kyrkjelege stillingar.

Kyrkjemøtet meiner då at homofilis spørsmålet i og med fråsegna frå nemnda er nok utgreidd til at ein kan seie at kyrkja har to syn, altså at det ligg føre gode nok teologiske grunnar til å innføre ein ny tilsetjingspraksis òg. Dette synet får støtte frå den oppslutninga det nye synet har i kyrkja. Det er jo viktig å gi rom for ulike syn i kyrkja og gi dei forskjellige aktørane respekt for og høve til å ta sitt eige syn på alvor. Samtidig må det ikkje når det blir laga ordningar for at ein kan praktisere ulike syn ved tilsetjingar, gjerast vedtak som bind den eine eller den andre til å gjennomføre ein annan praksis enn ein er overtydd om er den rette (dvs. godkjenne at saka er ei samvitssak for alle partar).

Kyrkjemøtet har tidlegare vedteke å ikkje innføre liturgiar utan at det er svært stor oppslutning om dei. Det kjem ikkje minst av at dei som blir tilsette i kyrkja, må forplikte seg på å følgje liturgiar som KM har vedteke. Derfor kan det vere rett at KM vedtek å ikkje utarbeide forbønsliturgi no. Dessutan er det fullt mogeleg for ein prest, i samråd med biskopen sin, å be for menneske i ulike situasjonar. Ein treng ikkje ordningar som KM har godkjent, for å kunne utføre ei slik handling dersom presten i samråd med biskopen meiner å kunne forsvare handlinga.

Homofilt partnerskap og menneskerettsspørsmålet

Spørsmålet om menneskeverd og menneskerettar knytte til homofilt samliv vart teke opp i drøftingane på KM i 2006. Sidan dette spørsmålet òg har vore debattert offentleg i år, kan det vere nødvendig å vise til at både nemnda og andre kyrkjelege organ har behandla spørsmålet om homofilt samliv i lys av denne problemstillinga.

Lærenemnda understrekar at kyrkja må ta eit oppgjær med haldningar og handlingar i kyrkje og samfunn nasjonalt og internasjonalt som svekkjer og krenkjer menneskeverdet til dei homofile. Nemnda skil her mellom kva som er meiningsforskjellar, og kva som er krenking av homofile, og konkluderer med at det er mogeleg å ha eit restriktivt syn på homofilt samliv og ordna homofilt samliv i partnerskap utan å bli skulda for å krenkje menneskeverdet til dei homofile. Det stor fleirtalet i nemnda er einige om at resonnementa i fråsegna til nemnda ikkje krenkjer menneskeverdet til dei homofile.

Menneskerettane rommar retten til religions- og livssynsfridom og retten til ikkje-diskriminering. Fleirtalet i Menneskerettsutvalet under Mellomkyrkjeleg råd viser i sak MRU 06/06 *Homofilt samboendes rett til vigslade stillinger i Den norske kirke* til at menneskerettane sikrar rom for ei fornuftig og anstendig etisk usemje i trus- og livssynsspørsmål, men at vi ikkje kan bruke menneskerettane som overdommar i ei alvorleg teologisk usemje om godkjenning av homofilt samliv og tilsetjingsordningar. Konkret slår utvalet fast at kyrkja aldri må bruke retten sin til å definere og regulere inngangskriteria til vigsla stillingar slik at dei krenkingane ho historisk sett har påført homofile menneske, blir førte vidare.